

Retningslinjer ved fråvér

Holmedal montessoriskule har slike retningslinjer for varsling når barn er sjuke og søknad om permisjon ved planlagt fråvér:

1. Dersom eit barn ikkje kjem til skulen grunna sjukdom, skal foreldre/føresette gje melding om dette første dag, primært til kontaktlærer, evt. rektor (via sms eller telefon).
2. Når barnet kjem tilbake til skulen etter sjukefråvér, ber vi om at det er skrive melding om fråveret i meldingsboka.
3. Kontaktlærer kan gje permisjon i inntil to dagar, og de kan søkje om slik permisjon ved å bruke meldingsbok, epost eller skjema på heimesida (søknaden skal vere skriftleg).
4. For permisjon over 2 dagar, og inntil 10 dagar kan rektor gje fri når dette er forsvarleg. De nyttar då skjema som ligg på heimesida under «dokument/skjema».
5. Eleven vert skriven ut av skulen i samråd med skuleeigar (skulestyret), ved planlagt fråvér utover 10 dagar. Eleven kan behalde skuleplassen i tre månader etter utmelding, dersom skulepengar vert betalte for den tida eleven er utmeld (Slikt planlagt fråvér utover 10 dagar bør ikkje strekkje seg over den statlege evelteljedatoen 1. oktober, fordi skulen då mistar det statlege tilskotet for eleven for eit år). I følge Opplæringslova er foreldre/føresette ansvarlege for opplæringa til barnet ved planlagt fråvér utover 10 virkedagar.